



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1249-1

Sakshandsamar: Ann Helen Maria Wraa

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Helse og sosialutval Kommunestyre	26.02.2025	5/25

Prosjekt "Mellom alle stoler" - samarbeidsavtale

Saksframlegg godkjent 17.02.2025.

Finn Arne Askje
kommunedirektør

Vedlegg

- 1 Versjon 2.0_Samarbeidsavtale mellom kommune politi og STHF_MAS Telemark (003)
- 2 Presentasjon Tokke kommune MAS

Bakgrunn for saka

Med bakgrunn i politiets opne trusselvurdering for 2022 – 2024 er det oppretta eit samarbeid mellom politiet, sjukehuset i Telemark og kommunane for å sikra og ta vare på innbyggjar og personar med alvorlege psykiske lidingar og problematisk rusbruk. Trusselvurderinga konkluderer at det ventast ei auke i valdsutøving gjort av personar med alvorleg psykisk sjukdom, samt at det er høg sannsynleg at denne typen av valdshendingar vil fortsette å utgjera ein betydeleg trussel, kor enkelte hendingar kan medføre tap av liv.

Saksutgreiing

I Sør-Øst politidistrikt, GDE – geografisk driftseining i Telemark, er det oppretta ein vurderingsgruppe som har arbeida med ein samarbeidsavtale for ivaretaking av denne gruppa i samarbeid med kommunane i Telemark. Erfaring indikerer at tidleg

og rett intervensjon, og dessutan konkretisert tverretatleg samarbeid er suksessfaktorar for å sørgja for god varetaking av enkeltindividet, og for å førebyggja ytterlegare uønskte hendingar. Det vil også leggja til rette for ei betre varetaking av lo-kalsamfunnet og løysing av samfunnsoppdraget til avtalepartane. Det er utarbeida eit utkast til samarbeidsavtale. Målsetting med avtalen er å leggja til rette for skipinga av konkrete- og for-pliktande samarbeids- og oppfølgingsavtalar på individnivå. Samarbeidsavtalens virkesområde er avgrensa til personar som oppheld seg i kommunen. Målpersonane er strafferettsleg utilreknelege eller det er tvil om tilreknelegheit, og har samtidig kvalifiserande kriminalitet eller plagsam åtferd som avtalepartane ønskjer å førebyggja. For personar som fell utanfor denne gruppa, så skal psykiatriprosjektet leggja til rette for vidare samhandling om oppfølging av den aktuelle personen.

Samarbeidet kan bidra til å sikra ein forsvarleg, heilskapleg og koordinert varetaking av per-soner i målgruppa innanfor gjeldande rammer, med mål om å bidra til eit betre sam-funnsvern.

Samarbeidet vil sikra god gjensidig forståing av mandatet, handlingsrommet og virkemidlane til partane, og dessutan gjensidig involvering i det interne utviklings- og kompetanse- hevingssarbeid på relevante område. Dette vil også kunna sikra kunnskapsdeling knytt opp mot kor farleg vedkommande er, og risikovurderingar til bruk i spesialist- og kommunehelsetenesta.

Samarbeidsavtalen er ikkje rettsleg forpliktande, men kjem som eit tillegg til kvar enkelt etats lover/reglar/forskrifter, og dessutan rundskriv av 2012/007 15-5/2012, revidert 3.juli 2023 om ansvaret til helsetenesta og politiet for psykisk sjuke.

Det blir etablert møte om konkrete personar i aktuell målgruppe mellom politiet og rus- og psykisk helsefaglege ansvarlege ved høvesvis STHF og kommunen. Frekvensen på desse møta vil variera frå kommune til kommune. Møtefrekvensen på overordna nivå i prosjektet er ein gong per halvår. Ved det siste møtet i år blir ein evaluering gjennomført. Det avtalast årleg kven som skal ha ansvar for innkalling til møta. Det må vera lokale tilpassingar til kvar enkelt kommune.

Samarbeidet gjeld frå det tidspunktet samarbeidsavtalen er underteikna av alle partar og avtalen har ei varigheit i to år, med ei gjensidig oppseiingsfrist på tre månader.

Konklusjon

Tiltaket er utprøva både i Oslo og i Grenland med gode resultat. Det er viktig å ha gode samarbeidsrutinar ved denne typen av problemstillingar, for å ta vare på både enkelt personar og innbyggjarar i Tokke samfunnet. Utfordringar knytt til behandling av denne gruppa gjer at det er høgaktuelt med denne typen av samhandling. Avtalen vil være med på å sikra førebygging og riktig behandling av eventuelle hendingar. Det anbefalst at Tokke kommune inngår avtale med Sykehuset Telemark HF, Sør-Øst Politidistrikt/ Geografisk driftsenhet Tele-mark og alle kommunene i Telemark.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune inngår samarbeidsavtale MAS – mellom alle stoler, med Sjukehuset Telemark HF, Sør-Øst Politidistrikt/ Geografisk driftseining Tele-mark og alle kommunane i Telemark.

Helse og sosialutval si handsaming av sak 5/2025 i møtet den 26.02.2025**Røysting**

Kommunedirektøren sitt framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Tokke kommune inngår samarbeidsavtale MAS – mellom alle stoler, med Sjukehuset Telemark HF, Sør-Øst Politidistrikt/ Geografisk driftseining Tele-mark og alle kommunane i Telemark.
